

VARHAUGBUEN

NASJONAL NYNORSK DAG
SIDE 13

VARHAUGMARKEN
SIDE 36

NYTT YOGASENTER
SIDE 37



KONSERT I KYRKJA SIDE 40

SMÅTING I DET STORE

Mørkemannen, Putin, skal ikkje få trekkja ned blendegardina og hindra glede over dei små tinga. Å freista å leva som normalt er ein del av motstandskampen som den frie verda kan og skal ta del i.

Våren og føresommaren er ei fantastisk årstid som vekker større begeistring til eldre ein blir. Ein ting er at det livnar i lundar og lauvast i lid. Noko anna er at det etter kvart har blitt mogleg å droppe ein heil del tekstil på kroppen. Som ull-stillongs og -undertrøye. Nå har me parkert vedkorga i kjellaren, skifta dekk på dieselbilen, fylt frysaren med is krem og grillmat, kjøpt nye solbriller på Essoen og funne fram t-skjortene og dei tynne ermelause blusane som ikkje hadde vore i bruk sidan september i fjor.

Den russiske leiarskapen sine bestialske overgrep mot Ukraina har likevel sett oss alle i auka beredskap dei siste vekene. Dei som opplevde siste verds krigen har aldri teke fri dom og freden for gitt. Nå gjer definitivt ikkje me andre det heller.



Sjur Håland

Syttande mai på Varhaug vart feira og markert etter alle kunstens reglar. Slik det må og skal vera i frie Norge. Eg er sikker på at fleire enn meg kjende at feiringa av grunnlovsdagen denne våren betydde meir enn berre ein glad fridag med bunadar, sløyfer og god mat på Iden. I år har hurarropa symbolisert vesentleg meir enn glede over blankpussa traktorglis og viftande flag frå min-



stemann i barnevogna. I barnetoget og folketoget vrir det av norske flag. Og midt i toget vaia eit stort ukrainsk flag. Eg var neppe den einaste som stod på sidelina med klump i halsen og ei tåre i augekroken.

Putin skramla på si side med pansra køyretøy på Den raude plassen på Sigersdagen deira niande mai. Dei tilårskomne generalane på tribunen rasla med medaljane på uniformsbrysta, medan den frie verda snudde ryggen til i avsky. Avstanden frå dei mørke skyene over Kreml til Norge og vår fridomsmarkering åttande og syttande mai kunne knapt vore større.

Eit tidsskilje i Europa blir det sagt om hendingane dei siste månadane av dei som har greie på storpolitikk. Me lever tett på det store alvoret, men kan heldigvis tillata oss å også vera opptekne av dei små tinga. Som at sjølv bastionen i stasjonen, handelslaget, nå blir riven.

Sjølv merkar eg at eg byrjar å bli meir og meir lik Ludvig. Piggsvinet i Flåklypa som er livredd det meste og skråsikker på at alt kjem til å gå fullstendig over styr. Eg kan illustrera det på følgjande vis: Eit par veker etter Russland sitt åtak på Ukraina var Hus-tru og eg på Tenerife ei veker tid. Vanlegvis plar eg ta med medisinen eg treng med ein liten buffer på ein dag eller to. Denne gongen hadde eg med medisin for tre månad-
dar, fullstendig overtydd som eg var om at luftrommet ville bli stengt før me skulle heim, og at me kom til å bli buande på øya ute i havet utanfor kysten av Afrika. Eg tok feil. Heldigvis.

Det er vanvittig mykje som kan gå galt nå i denne post-pandemiske tida. Me har, for å sitera Matteus, «krig og rykte om krig». Me har hatt så lite vatn at me kunne, som Moses og israelsfolket i si tid, gå turrskodde over Hå-elva. I tillegg barka og braka bønder og styresmakter saman for å bli samde om eit jordbruksoppgjer på storleik med eit lite oljefond.

Det laga seg. Me fekk regn, mest etter oppskrifta. Bøndene og staten vart samde. No ventar me på at det skal laga seg for våre vener i Ukraina slik at dei kan få leva sine liv slik liv skal levast. I fred.

Lukta av vår

Når ting går på tverke, det buttar i mot
Når mismot og tungsinn gir usikker fot
Då lukker eg augo og tenkjer som dåren
Og drøymmer om lukta av molda om våren

Dagar med skodde og dagar med regn
Snøkklokker, kvistknoppar einaste tegn
Tegn på at snart kan vi nyte komforten
Av lukta av molda, av jorda, av våren

For tenk på ei kvinne, på eau de cologne
På lukta av sommar på Syden balkong
Tenk på Demi More eller på Sophia Lorèn
Der er ingen som lukter som molda om våren

Lyseblå himmel med vinddrag frå sør
Kjenne sola som skiner og varmar og tør
Varmen kjem frå Mexico Golfen, er med havet børen
Det er den som gir lukta av molda om våren

Å arbeide med jorda ein vårdag i april
Gir lækjedom og sjelebot langt meir enn Dispril
Å setja seg ned med mat og kaffitåren
Å kjenna godlukta av molda av Jæren om våren



Ein nye vår



Foto: Brit Obrestad 2021

Me på Jæren er så heldige at me har ein lange vår. Slik er det år etter år, og me tek det som sjølsagt. Men etter kvart som me kjem opp i alder så er det ikkje like sjølsagt at me får oppleve ein nye vår. Det med alder er ikkje like lett alltid å førehalde seg til, men for kvar vår me får oppleve så vert me eit år eldre anten me vil vedgå det eller ei.

For meg er mai den vakraste månaden. Ikkje berre av di eg er født i mai, men og for at i mai tek naturen på seg si vakraste bunad. Det er ikkje berre festkledd menneske som kled seg i bunad. Det gjer naturen og. Trea får lauvet på og mange av dei vakraste vårblomar lyser opp. Kvitveis og kusymre er berre heilt nydelege. Har du kjent den gode angen av nyutsprungen bjørk etter regn? Trekkfuglane kjem attende frå sør. Lerka og vipa allereie i slutten av februar. Dei er det sikraste vårteiknet.

Denne våren har vore heilt fantastisk med mykje sol og lite regn. Bøndene har fått gjere våronna utan å måtta lure seg ut. Dei har hatt heilt ideelle forhold vil eg tru. Nå har me også fått litt væte i jorda så åkrane spirer. Heilt fantastisk når dei første spirene kjem. Så vert det grønar og grønar etter kvart. Det er liksom som at våren har noko ekstra ved seg i år. Om det er alderen eller om det er alt eg har vore gjennom denne vinteren veit eg ikkje heilt. Kanskje er det ein kombinasjon?

Nå er eg ferdig med cellegiftkurane og er frisk. Det

er heilt fantastisk. Sjølv om energien ikkje er heilt på plass endå, så kjenner eg at kreftene kjem litt etter litt. Eg er på sykkel att. Ikkje dei lange turane endå. Men eg tøyser grensene litt etter litt. Så eg vonar å vere med sykkelgjengen om ikkje så alt for lenge. Enn så lenge så er bakkane og motvinden striare enn eg er vant med. Andre ville nok tydd til el-sykel. Men nei, eg vil pese og kave ei stund til.

Elles er hagen ein god plass å samle krefter. Å putla ute er berre heilt fantastisk. Fuglane held meg med selskap. Linerla er ekstra glad når eg er ute. Om eg ikkje er merksam nok, så gir ho lyd frå seg for å seie at ho er på plass. Skittrosten likar ikkje når eg er ute. Dei skjenner fælt, for dei har reir både i det blømande kirsebærtreet og i lønnetrea. Dei vågar ikkje liggje på reiret når eg er i nærleiken, så det kan føre til skandale meiner dei nok. Men eg bryr meg ikkje. Dei er så frekke. Ikkje kan dei synge heller.

Nå tek livet til å bli normalt att. Det var rett og slett herleg å koma saman med gode veninner etter så lang tid på sidelinja. Å snakke i telefonen er greitt nok, men å vera saman er betre. Det er viktig å ta vare på dei små gledene kvar einaste dag.

GOD SOMMAR!

Brit Obrestad

Våren

Det er noko med våren
eg veit ikkje kva
det berre er der
og gjere meg glad

ei sitrande glede
over å vere til

får lyst å synge
nett som sysvorta
i høgste grantoppen
eller lerka høgt i sky

springe ut i ny blom
som liljene på marka
eller forsyntie'n på vest

får lyst å skine
som sola på himmelen
eller klukke som åa
nedst i hagen

setje seg ned
la tanken fly
som skyene på himmelen

grave i molda
kjenne på angen
av mold og gras

det er noko som sprenger på
knoppene vert fyldigare
slår ut
nye blad
og blomar

fargane om våren
blir ekstra vakre
etter ei regnbyge

dropene heng
som krystallperler
glansen kjem fram
frå ei ny solstråle

det er dette
som er våren
våren

(Brit, 25.04.04)



FRÅ REDAKSJONEN

Ja, så var ein - for mange - etterlengta 17. mai over. Varmt og fint her hos oss, men kaldt og snø lengst nord i landet. Eg var ikkje i 17. mai modus i år. Det hadde vore mykje anna som har oppteke tankane den siste tida, og så skulle eg levera kladden til bladet 18. mai. Men eg fekk med meg barnetoget på Varhaug, og elles såg eg mykje på fjernsynet innimellom pausane med PC'n.

Sidan me ikkje lenger har korps på Varhaug, var eg litt spent om det vart musikk å marsjera etter. Og heldigvis var det eit korps som hadde forbarma seg over oss, og det var gildt. Og me framleis er utan korps neste 17. mai, håper det er nokre «gamle» musikantar som gjer som dei to på Vigrestad. Det var skikkeleg sporty!

HURRA! Det seier eg for to ting: For det første; det vert Varhaugmarken igjen. Og for det andre; nå riv dei det gamle handelslaget!

Ynskjer alle ein fin sumar, og så drøsest me igjen til hausten.





GRILLKVELD

Onsdag den 3. august kl. 17.30 fyrer me opp grillen på **Lerbrekk skule** og inviterer til grillkveld. Det vert musikk av «Agnes og dei». Sal av grillmat, kaffi og kake.

Alle er velkomne til ein triveleg kveld, både medlemmer og andre.

Brit



Monica Mørk Aase

Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF

e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård

Eiendomsmegler MNEF

e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

**Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.**

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

**Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!**

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN

TURMØTE SVALA 4H



Torsdag 21.april hadde vi turmøte i 4H. Turen gikk til Karten. Ca 40 spreke 4H'are, pluss ein god gjeng foreldre var med på turen. Godt vær med strålede sol. Kjekt møte!!

Marita Ånestad



Under Varhaugmarken skal 4H har dyre-vogn saman med bondelaget, ansikts-maling og elles mange aktivitetar utanføre Bygdahuset.

BESTEMORS BAKVERK LB

Hubben Læringsfabrikk, har ei elevbedrift - **Bestemors Bakverk LB** - som driv med baking. Dei har gått for tradisjonelle oppskrifter som alle får glede av. Du finn meir info på Facebook eller Instagram, eller i ramen på Spar. Liv



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltepøl. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiding av fjell.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

FARGERIKE
Halvorsen



SILOSLÅTT PÅ GAMLEMÅTEN

Varhaug bondelag arrangerer siloslått på gamlemåten 18. juni. Det har våre ei rivande utvikling i hausting av silo. Frå å gå frå manuelle til heilautomatiserte maskinar har slåtten på mange måtar blitt enklare for bøndene, men samtidig så mistar me årelange tradisjonar.

Mange av oss huskar godt då det var siloslått «før i verda». Slåtten var ikkje gjort på ein dag eller to og mange folk var i sving, enten ute i slåtten eller inne på kjøkkenet. Måltida var gjerne samlingspunktet. Barn og ungdom i dag veit ikkje kva siloslått på gamlemåten innebær. Det har Varhaug Bondelag lyst å gjera noko med og inviterer derfor til ein dag der alle som vil kan få sjå ein god gammaldags slått. Dersom du har ein forhauster og ein traktor som er eldre enn 1985 kan du melda deg på til slått.

Det vil føregå på Sør-Varhaug 56 sjå Håkon og Sverre. Forhaustarar vert delt inn i 2 klasser, Venstre og Høgre hauster der dei skal hausta kvar sin teig. Cirka kl 1300 starter hausterane og kjører etter kvarandre til dei har fult lass. Konkurransen vert dømt utfrå, finaste ekvipasje, eldste ekvipasje og kutt, kast og kjøring (ikkje halve skår eller sribing) Publikum kan følge med på sidelinja bak sperrbond. Serigstad er på plass og dei står for premiering og dømning. Juryen dømmer ekvipasjane ut i frå kven som har finast ekvipasje, eldste ekvipasje og kven som kjører best Me har fått tak i ein legendarisk speaker som veit kva han snakker om og det blir sal av grillmat og diverse. 4H har eige opplegg for ungane som kjem. Me kan lova dei som kjem at det vert nostalgi på høgt nivå. Pengane som kjem inn blir gitt til veldedig formål.

Runar



LITT FRA HÅ HAGELAG

Mai har vært en måned med masse aktivitet i Hagelaget.

Det spretter og gror i hagen, masse god aktivitet der nå. Herligt med lange lyse kvelder, frisk luft å oppdage noko nytt kvar dag.

15. mai var me 23 stk som tok turen til Lund. Pga litt misforståelser blei det litt lang ventetid for nokon før bussen kom. Men været var på vår side, Å drøset gjekk godt så det var ikke nokon problem.

Første stopp var Monika Hammersmark's gartneri på Ualand. Her var mykje fint å få kjøpt, flotte planter til gode priser. Etter handelen var det kaffepause før me sette kursen videre til Hovsherad.

Her besøkte me Caroline med familie på Haugland Gård og Hage. En driftig familie med stor hageglede. Me fekk omvisning i hage, åker, drivhus og gårdsutsalg.

Imponerende kva dei har fått ut av plassen på garden sin. Etter omvisninga vart det servert salat og foccibrød, kaffe og lapper.

Kosa oss skikkelig i sola, alltid kjekt å være på tur å få inspirasjon.

Neste søndag skal me arrangere Hagedag på Grødalandstunet samen med Jærmuseet og historielaget. Her blir det staudesalg og masse kjekke aktiviteter for ungene i tillegg til museet sine egne aktiviteter.

Siste punkt på planen før sommeren er tur til Marianne Lien i Bjerkreim i juni. Ho har laga en flott hage i ei steinrøys. Gler oss til å sjå kva ho har fått til.

Følg oss gjene på facebook, om du vil følge med på våre aktiviteter.

May Helen





NÅ SKJER DET NOKO I INDUSTRI-OMRÅDET I TJEMSLANDSMARKA

Uff, nå må det vera lenge sidan eg gjekk bortom industriområdet, for nå heldt dei på med eit nytt bygg. Og eg lurde veldig på kva dette var; «Tjemslandsmarka Bananplantasje» og 3 bananar på skiltet. Noko så eksotisk her på Varhaug!

Men så viste det seg at Bananplantasjen var namnet på eigedomsregisteret, og at det var Point Zero AS som skulle koma her. Det er Ole Hennig Djøseland og Johnny Grødeland som driv eit maskinerings-firma på Orre, som nå skal koma til Varhaug. Eg har snakka med Ole Henning, og me vart einige om å ta ein drøs til neste nummer, for då rekna han med at dei hadde kome på plass.

Liv

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontakt med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

Misjonshuset er i full gang att,- sjølv om det er pause for Hananja og spiren-gruppene. Men på utleigesida er det booka utleige til årsmøter, konfirmasjonar og bryllaup og selskap. Minikor og yngreskor hadde ein flott presentasjon på sang- og musikkfest i april, og i mars hadde minikoret konsert saman med den musikalske kjente familien Løsnesløkken.

Årsmøtet for misjonshuset vart greit avvikla. Me legg opp til at det vert sett igang med utviding av bygget og noko innvendig oppgradering med såkalla «mingleområde». Byggestart vil verta tidleg neste år. Men ny heis som var planlagt saman med bygginga vert installert no på vårparten. Den gamle heisen,- ein av dei første som TKS laga,- har tatt kvelden og er fjerna frå huset.

I år vert det både varhaugmarken og 17. mai feiring. Og misjonshuset er litt med på begge desse viktige hendingane.

Ellers er det annankvar torsdag samling med lesing frå bibelen og samtale. Og på søndagar er det anten gudsteneste med Awana barnesamlingar på føremiddagen eller SUNDAG kveldsmøte med kaffe og mykje lovsong. To onsdagar i månaden er det samling kl 1400 for «vi over 60».

Samlingar for «unge vaksne» og ten-samling «FRES» er ein gong i månaden, medan søndagsskulen er planlagt med omlag ein gong i månaden.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time. Men i juli er det ikkje fast vakt. Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Nytt styre :

Leiar:

Terje Vik - Bedriftsforeninga

Nestleiar

Gaute Ødemotland - Bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styrmedlem

Benjamin Hølland - Svala 4H

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Eivind Galtvik - Lennsmannsløa





GOD AKTIVITET I HÅ MÅLLAG

Hå mållag ønsker å oppmuntra og bidra til å fremja både dialektbruk og nynorsk skriftspråk. Difor har me delt ut gåvekort i samband med Ungdommens kulturmønstring og hatt føredrag og konsert nå denne våren.

Gåvekortet for god bruk av norsk språk på Ungdommens kulturmønstring gjekk til Sjur Grov-Hagen, som har artistnamnet «Joggedress», for råplåta «Meg sjølv» Nestleiar i Hå mållag, Eva Hegre, delte ut gåvekortet.

«Å snakka dialekt og skriva nynorsk bør vera det naturlege for oss», sa Tom Hetland i samtale med Jon Arne Silgjerd på Hå Mållags kulturkveld på Nærbø bibliotek 30. mars. Dei omlag 50 frammøtte fekk i tillegg høyra Skjærpebekken Musikklag med Åsgaut Steinnes som vokalist syngja jærskke songar i bluegrass/roots-stil. Det blei god stemning og ein fin kveld med nynorsk og jærdialekten i sentrum. Oddvar B. Høyland frå styret i Hå Mållag leia kvelden.

Arne Reidar



Skjærpebekken Musikklag (Kjell Gudmestad, Åsgaut Steinnes og Trond Gudmestad)



NYTT FRÅ VENNELAGET LERBREKK

Etter to år med pandemi og ikkje noko årsmøte, kunne me endeleg samlast att til årsmøte torsdag 24. mars. Sigbjørn kunne ynskje om lag 40 Lerbrekk-vener vel møtt. Dette vart og ei markering av at det nå er 25 år sidan Vennelaget vart stifta. Sigbjørn hadde ei oppsummering av historia til Vennelaget og skulen. Det vart og markert med smørbrød og kake. Elles vanlege årsmøtesaker og utlodding. Styret held fram som før. Inger ga Sigbjørn ein fine blo-meoppsats som takk frå Vennelaget for alt han gjer for Lerbrekk skule. Sigbjørn og vaskegjengen gjer ein framifrå innsats for å halda alt i orden. Oddvar og Anne Margrethe Ånestad syter for plenklypp og lusing. Takk til alle for det dei gjer for skulen.

Inger sa etterpå at det var umåteleg gildt å kunna samlast att på Lerbrekk.

Nå som ting normaliserer seg, så har styret vedteke å ha grillkveld onsdag 3. august kl. 17.30. Agnes og hennar spelevenir stiller som vanleg opp. Likeeins Arvid Varhaug som grillmeister. Me vil og starte opp med sundagskafé den 4. september kl. 14 – 17.

Nye utelamper på parkeringsplassen

Sigbjørn snakka med Hallgeir Hobberstad om nye lamper som stel mindre straum på parkeringsplassen, såkalla led-lamper. Jau, Hallgeir og broren Tron kunne ordna det og setja dei opp. –Vennelaget skal ikkje betale noko for desse lampene. Det skal me syskena betale som takk for alt det gilde mor og far, Halfdan og Ingfrid Hobberstad, hadde på Lerbrekk, sa Hallgeir. Me rettar ein stor takk til syskena for denne gåva.

Helsing Vennelaget v/Brit

12. MAI

ER DEN NASJONALE NYNORSKDAGEN

I høve «Frivillighetitas år 2022», kan frivillige organisasjonar peika seg ut kvar sin dag, og Noregs Mållag og Norsk Målungdom har valt 12. mai som sin nasjonale markeringsdag.

Grunnen til at 12. mai vart valt, var at 12. mai 1885 vedtok Stortinget å likestillta nynorsk og bokmål med «jamstellingsvedtaket».

Korleis kan me feira eller markera dette? Jau, ved å skriva nynorsk og kanskje melda seg inn i eit mållag.

Det er viktig at Noregs Mållag og Målungdomen vert synlege denne dagen, og at nynorsken vert presentert på ein positiv måte.

(Ikkje så greitt å gjera noko med dette nå, for meldinga frå Norges Mållag låg på maskinen min i dag tidleg. Og eg har ikkje sett eit pip om det elles).

Liv





EIN DAG EG VIL HUSKA LENGE

Sikkert andre enn meg, som har sett alle tinga frå Åna i Spar-butikken. Sikkert fleire enn meg som og har kjøpt krokketspel. Hadde lenge tenkt det kunne vore gildt og sett kor desse vart laga, og skrive litt om det i bladet. Og i dag fekk eg «sjangs» til det. Johannes hadde ordna det med Åna, der me vart ynskte varmt velkomne av Kjell Arne Gjesdal.


«Kjelli» - som han vert kalla - tok oss med gjennom heile tre-avdelinga, var veldig flink til å fortelja. Og det var då eg såg at eg skulle hatt med opptakar, for her gjekk det fort i svingane, og ikkje alltid like lett å få med seg alle detaljane.

Åna er verkeleg ei stor bedrift på meir enn ein måte, og det eg fekk sjå i dag kjem eg til både å huska og tenka på lenge. For ei mengd av ting som vart laga. Det me kjenner mest til er nok krokketspelet, der eg fekk vera med i «prosessen» frå a til å. Frå det første romet med godluktande material, gjennom rom

etter rom med dreining og pussing, til køller og kuler hang handmala til tørk. Lure på om dei som spelar krokket, tenker på alt handarbeidet som ligg bak?

I 1945 fekk eg ein liten barnekommode til jul. Den bruka eg til nattbord, og seinare har den vore med meg både til Hobberstad og opp her eg nå bur. Slike kommodar vert framleis laga på Åna.





Nå har eg nemnt to ting i tre, men framleis er det mange att å nemna; Curongspel med alle dei farge-rike trebrikka. Blomsterkasser, små eller store, med ku, kvite/svart/brun, her var det berre å velja kva som passa på garden. Og kven har ikkje bruk for ei skjerefjøl? På Åna lagar dei 12-1500 i ein produksjon. Desse har vore populære, så truleg har dei laga mellom 10- og 15.000. Mange har nok hatt ein liten krabat, som har kosa seg med «ein mest forrektige» gravemaskin. Den lagar dei og omtrent 100 av i året.

Og når livet er slutt, og ein treng eit kors eller hjerte på grava, så vert og desse produserte i tre-avdelinga på Åna.

I denne arbeidsavdelinga eg har vore gjennom kan det vera 20 innsette som arbeidar og då er det 5 betjentar til å sjå etter, hjelpa og rettleia desse, når det trengs. Det er jo ein del maskinar som sviv, så her må ein vera føre var. Gildt og sjå at her var det mange damer som jobba.

Jærstolane, som kjem frå Hjelmeland, er og eit anna prosjekt her. Materialen til desse kjem frå Hjelmeland, men det vert kjøpt ein del siv frå dei, slik at dei er i stand til å fiksa og reparera gamle stolar. Her må ein rekna med noko tid om ein vil ha slikt gjort på Åna.

Me kom over i ei anna arbeidsavdeling, og den vert kalla idéplassen - eller idé myldring, som eg kalla det. Her vert det produsert stear-

inlys, sete til Jærstolane, og akkurat nå ein del skinnarbeid, som dei ynskjer å auka produksjonen i. Eg fekk mellom anna sjå nokre fine vennskapsband.



I denne avdelinga kan ein koma med idear om kva ein har lyst å arbeida med. Og er det noko som let seg gjera, så er det berre å setja i gang. Det er viktig

at alle får halda på med noko dei likar og trivs med. Og trivselen var stor blant dei eg møtte her.

Det er og ein del av dei innsette, som får arbeida i skogen, når tida er inne for det. Og skogen er viktig både for sal og til brensel i bioomnen, som vert nytta til å varma opp det meste av vatnet dei treng.

Det er og nokre som bur i eigne hus inne på området, då er dei kome så langt i soninga at dei er på «frigang». Då kan dei vera på ymse arbeid utanfor Åna. Sume vert henta av arbeidsgivar, andre tek tog til arbeidsstaden. Og så kjem dei tilbake til Åna når arbeidsdagen er over.

Me kan ikkje skriva noko om Åna utan å nemna skulen. Her får innsette kanskje den skulegangen dei manglar, eller dei kan få med seg vidare utdanning som fører til fagbrev i ei mengd fag. Dette må vera ein god plattform å ha med seg når dei kjem tilbake til kvardagen igjen.

Og det er ikkje berre i butikken til Spar på Varhaug du finn varer frå Åna. Dei har kundar lokalt frå Sirevåg til Nærbø og Bryne, Klepp, Egersund, Sandnes, Stavanger, Sola, Haugesund, Oslo. Det er og nokre gardsutsal, mellom anna Ystepikene, som sel produkt frå Åna.

Ja, dette vart nok litt meir enn leikene som er stilt ut på Spar, men eg fekk det ikkje til utan at eg tok med meg noko av det mangfaldet ein finn på Åna. Det må vera ein gild og god arbeidsplass både for tilsette og innsette.

Varhaugbuen takker for seg, og ynskjer alle det beste for framtida.

PS. Oldefar til Hans, Rasmus Aen, hadde gard like sør for innkøyringa til Åna, og han tok namnet Hobberstad då han kjøpte gard der. Så eg følte mest eg var på litt historisk grunn.

(Slike gyanhestar laga dei mykje av før i tida - eller kanskje eg skal seia gamle dagar - men det er historie nå. Men dei lagar nå ein annan variant.

Liv



SJAKK

HÅ SKULESJAKK

SJAKK FOR VAKSNE

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Hå-mesterskapet vart avvikla på misjonshuset 2. april. Hå-mester 2022 vart i år som i fjor Thomas Stokke frå Motland skule. Han vant «mester»klassen føre William Myklebust og Lena Lya, båe frå Jærtun skule. 9 gutar og 3 jenter deltok i beste klasse. Av dei var 8 frå Jærtun, 2 frå Vigrestad og 1 frå Varhaug skule i tillegg til vinnaren frå Motland skule.

I klassen for nybegynnarar var det 16 spelarar, 14 gutar og 2 jenter. 7 frå Jærtun og elles var det spelarar frå Varhaug, Vigrestad, Motland, Bø og Hognestad! Vinnar vart Torjer Gudmestad Hognestad frå Hognestad skule, medan Håvard Undal vart nr 2, David Dyngeland nr 3. Håvard og David hadde samme poengsum som nr 4, Jakob Hegre frå Vigrestad,- men ein skilde på kvalitetspoeng. Vinnarane fekk med vandrepokal som vert ståande på skulen deira fram til neste Hå mesterskap i mars 2023.

På annan stad i bladet er bilete og resultatlistar frå Hå-mesterskapet.

No er Coronapausen over,- og KM for skulelag vart arrangert på Sola Vgs 22.april, men berre 9 lag deltok og ingen frå Hå. Då Hå skulesjakk arrangerte KM for skulelag i 2017 på Varhaug misjonshus deltok 52 lag, noko som var norsk rekord. Så det svinger sterkt.

Det skal verta Varmarken i år,- og då vil Hå skulesjakk arrangere VM i utesjakk. Kom og bli med lørdag 4. juni.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med sjokoladepremier, men har også hatt gåande ei langsjakkturering med 90 minutt pluss 30 sekund per trekk tenketid. Siste runde var 4. mai, og resultatet vart slik:

- 1: Oskar Feed Jakobsen, Jæren sjakkklubb, 4 p
- 2: Elias Vigrestad Kristiansen, Jæren sjakkklubb, 3 p
3. Håkon Abeland Myrheim, Sandnes sjakkklubb, 2,5p

I Vestlandsmesterskapet sør som klubben arrangerte helga 18-20. mars hadde Jæren sjakkklubb med to lag i andredivisjon. Det eine laget vann (og må spele i 1. divisjon neste gong) medan det andre laget vart nr 4, berre slått av vinnarlaget og to lag frå Sandnes.

For hausten planlegg klubben to store turneringar, Rogalandsmesterskapet i langsjakk (Rogaland open) i helga 16-18. september på St. Svithun VGS i Stavanger, og Jæren Grand Prix i helga 4-6. november på Klepp rådhus.

Vårsemesteret vert avslutta med klubbmesterskap i lynsjakk onsdag 8. juni

Velkomen til sjakk på Bryne.

Klubben har egen internettside:
<https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb».
(sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på
<http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Beste klasse



Nybegynnerklassen

Hå-mesterskapet 2022 Varhaug Misjonshus, 02. apr 22 Gruppe mester

Endelig resultatliste									
Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng
1	Thomas Stokke	Motland	+09	+02	+04	+03	+05	+05	16.0
2	William Nyllebust	Jærlun	+11	-01	+07	+05	+08	+04	16.0
3	Lena Lye	Jærlun	+10	+05	+08	+01	-04	+09	15.0
4	Olav Arntstad	Jærlun	+07	+05	-01	+06	+03	-02	14.0
5	Nils Tore Espegren Aarsland	Jærlun	+06	-03	+09	-02	+07	-01	12.0
6	Anna Lye	Jærlun	-05	+10	+11	-04	-01	+12	12.0
7	Benjamin Sundel	Vigrestad	-04	+12	-02	+10	-05	+11	12.0
8	Louis Pfeiffer	Vigrestad	+12	-04	-03	+09	-02	=03	11.0
9	Torleif Espegren Aarsland	Jærlun	-01	+11	-05	-08	+12	=03	11.0
10	Agnet Espegren Aarsland	Jærlun	-03	-06	+12	-07	+11	=08	11.0
11	Oskar Dyrsgeland	Varhaug	-02	-09	-06	+12	-10	-07	7.0
12	Mari Eliseegne Bryne	Jærlun	-08	-07	-10	+11	-09	-06	7.0

Hvite partier står med fet skrift.

Hå-mesterskapet 2022 Varhaug Misjonshus, 02. apr 22 Gruppe nybegynner

Endelig resultatliste									
Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng
1	Torleif Espegren Aarsland	Hogrestad	+11	+14	+04	+03	+02	+05	18.0
2	Harald Lindal	Varhaug	+05	+08	+09	+04	-01	+03	14.0
3	David Dyrsgeland	Varhaug	+12	+08	+06	-01	+07	+02	14.0
4	Jakob Hegre	Vigrestad	+10	+07	-01	-02	+12	+09	14.0
5	Johannes Arntstad	Jærlun	-02	+10	+12	+08	+06	-01	13.0
6	Kyrre Arntstad	Jærlun	+15	+02	-03	+13	-05	+07	13.0
7	Nora Camilla Kuller	Motland	+09	-04	+11	+12	+03	-09	12.0
8	Mona Jørgensen Wolden	Jærlun	+13	-03	+14	-05	-09	+11	12.0
9	Elyen Irene Lindbom	Jærlun	+07	+15	-02	+14	+08	-04	12.0
10	Johan Stokke	Motland	-04	-05	+W0	+15	-11	+13	12.0
11	Antan Elias Eken	Jærlun	-01	+13	-07	+W0	+10	-09	11.0
12	Nicolas Salte Mathiesen	Motland	-03	+W0	+05	-07	-04	+15	11.0
13	Omund Espegren Aarsland	Jærlun	-08	+11	+15	-06	+14	-10	11.0
14	Asik Grov Hougberg	Ba	+	-01	-08	-09	-13	+W0	10.0
15	Nora Vagge	Varhaug	-06	+09	-13	-10	+W0	-12	9.0
16	Oluf Røyne	Jærlun							9.0

Hvite partier står med fet skrift.



Kampen på brettet

SpareBank
SR-BANK **1**
Sammen får vi ting til å skje.

SPAR
Prøv SPAR Varhaug sin nettbutikk
Klikk deg inn på
spar.no og bestill
varene heim!
Mail: sp@varhaug.no [facebook](https://www.facebook.com/sp@varhaug)

S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN



VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG



LANDSSTEVNE HEDMARK, 2022 MED NORGES BYGDEUNGDOMSLAG!!!!

Landsstemnet er det største arrangementet Noregs Bygdeungdomslag arrangerer, i løpet av veke 29, kvart år for medlemmane sine. Stemnet samlar over 2000 bygdeungdommar frå heile landet og programmet er fylt med tevlingar, konsertar og andre kjekke aktivitetar. Det er her ein treff gamle gode venner, og stiftar nye bekjentskap, med folk frå fjern og nær.

Landsstemnet er rett og slett eit av årets høgdepunkt!

I år vert stemnet arrangert av Hedmark bygdeungdomslag, frå 19.-24.juli, på Jønsberg vidaregåande skule i Stange kommune. Liker du festival, konsertar og aktivitetar?

Ta med deg teltet, campingvogna, kombicampen eller ei presenning og ver med!!

VARHAUGS MARKEN MED VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

Me i Varhaug bygdeungdomslag arrangerer traktortur på Varhaug marken der ein kan få sitte i hengar bak på traktoren. Det vert og servering av bakst, og ein anna aktivitet på standen.

Karine Berge



Traktortur på eit tidlegare marken.



TUR MED FARSE-STOPP

Me har vore nokre damer som har møtt kvarandre på Slaktar-kafén til fredags-lunsj. I dag var eg aleine. Men då eg seinare var innom for snakka litt med Reidar om Varhaugmarken, møtte eg to damer; Gunvor Klungstveit og Anne Gro Stangeland (syster t Eli t Harald).

Dei var ute på tur, og då måtte dei innom Varhaug for å ha eit farsemåltid. Gunvor hadde smakt farse før, men det første gongen for Anne Gro. Alt var ete opp då eg kom, og damene var vel nøgde med både farså og plassen. Gildt at dei ville vera med i bladet. Liv



Varhaug bygdekvinnelag arrangerer tur til
Sjølingstad ullvarefabrikk 21. juni

Sjølingstad er eit levande museum utanfor Mandal.

Avreiser frå misjonshuset kl 8.00.

Lunsj undervegs.

Omvisning på Sjølingstad

Middag på Spiseriet på Vigeland.

Turen kostar kr 700 for medlemmer og
kr 800 for ikkje medlemmer.

Påmelding til Aud Elise på telefon

476 54 335

En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger
idrettslag, idrettshaller, korps,
bondekvinner, ungdomsklubber,
bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på
frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no





SOMMARLES

Også i år deltek Hå folkebibliotek på Sommarles, ein digital lesekampanje for alle elevar frå dei som skal byrje i 1. klasse til dei som avsluttar 7. klasse. Kampanjen startar allereie 1. juni, og varer til 31. august. På sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få kule premiar (som du hentar i biblioteket) og lesetips, lese den eksklusive sommarlesforteljinga «Eventyr på rømmen», løyse oppgåver og følgje med på kva vennene dine les.

Britt Astrid

FORFATTARBESØK PÅ BIBLIOTEKET

27. april hadde vi forfattern og kritikaren Leif Ekle på besøk i biblioteket. Han snakka om boka si Olgas bok, ei biografisk bok om mor hans og livet hennar. Han formidla godt og interessant, og vi hadde ei lyttande forsamling lånarar som hørde på, i alt 20 fram-møtte.



SJAKK TIRSDAG

Vi har denne våren hatt Sjakk Tirsdager på biblioteket på Varhaug. Per Arvid Jakobsen frå Hå skulesjakk har vore med og inspirert mange ivrige barn.





Bli med oss på sykkeltur 5. juli!

Norges Frivilligsentraler inviterer hele landet til å bli med på sykkeltur gjennom Norge, fra 21. mai til 15. august. Vi skal løfte frivilligheten, på hjul fra Nordkapp til Arendal.

Tirsdag 5. juli står Hå for tur. Vi starter på Miljøgartneriet **klokka 13**, hvor vi skal sykle gjennom Norges største drivhus. Så går turen videre til rådhusplassen på Varhaug, Ystepikene, Vigrestad sentrum og Kvassheim fyr.

Ordfører Jonas Skrettingland og varaordfører Svein Høyland er klare – vil du også bli med?

Du kan bli med på hele turen eller deler av den, og det er også veldig tillatt å stå langs løypa for å heie på de som sykler. På Vigrestad blir det generasjonsleker på torget, og vi håper at alle lag og organisasjoner i Hå vil vise igjen i løpet av dagen.

Se fullstendig program på sykkelturen2022.no

Arr.: Hå frivilligsentral / Hå kommune





Nå er endeleg riving i gang. Vert spennande og sjå koss det ser ut i neste blad.
Foto: Asle Haukland





EIN SUNDAG PÅ GRØDALAND



GILD SONG- OG MUSIKK-KVELD PÅ IDEN

21. mai arrangerte Idrettslaget musikk-kveld med Freeman og Hå Trekkspelklubb. Det var tydeleg at dette hadde vore etterlengta, for då billettsalet starta ein time før det skulle begynna, stod folk i kø. Godt over 400 var på plass inne i den store Hallen då musikkvelden starta. Det sat til og med ein del på galleriet. Det er i grunnen eit luksusproblem, når arrangøren må setja inn meir stolar enn planlagt. Dei frammøtte fekk oppleva ein gild musikk kveld med innlagde kaffipause med nysteikte lappar. Det var mykje tilreisande folk, men kor vert Varhaugfolka av ein slik kveld??? Me trudde at det var mange som ville setja pris på eit slikt arrangement, etter at omtrent alt har vore stengt omtrent i 2 år.

Som medlem i historielaget, er eg ein sundag i året vakt på Grødaland. Manger gonger er der og ein eller annan aktivitet. På vakta mi på sundag, som eg hadde sammen med Gjertrud Hobberstad og Tor Einar Risa, var Hå hagelag på plass. I tillegg til å selja staude, hadde dei eit vell av gilde aktivitetar for ungane i tillegg til å steika lappar. Og veret kunne neppe vore betre, strålende sol heile dagen. Og familiane som kom, gav seg god tid og kosa seg med ungane og tinga dei kunne vera med på. Matsalet+ kaffi, is, brus og anna, var det oss vakter som skulle ta oss av. Heldigvis hadde Gjertrud med seg barnebarnet, Alexander. Han for som ein vervelvind ut og inn og henta is og brus i fryss og kjøll. Hadde ikkje vore lett utan han. Nytt av året var og digital kasse, der både besøkande og sal skulle registrerast. Ganske travelt for Gjertrud i kassen, men vakt-timane for berre av garde. Ikkje så veldig mange som var innomhus og trong orientering om dei gamle husa, eller skreiv seg inn i gjesteboka, men vakttida gjekk fort likevel. Var i grunnen ganske trøyt då eg kom heim.

Liv



17. MAI PÅ VARHAUG



ÅRSMØTE I VENNELAGET FOR LENSMANNSGARDEN

Onsdag 16. mars var det årsmøtet i Vennelaget for Lensmannsgarden. Dette ble som vanlig gjennomført i Løeståva. Det var 10 stk som møtte på årsmøtet, inkludert styret.

Leder for styret, Astrid Skretting ledet møtet.

Aktiviteten i Løa er fortsatt lavere på grunn av pandemien. I store deler av 2021 var det restriksjoner som gjorde det vanskelig å gjennomføre arrangement. Det ble likevel gjennomført seks lunsjtreff og påskekoncert med General Forsamling. Den årlige dugnaden ble utført i april, der alt inventar ble reingjort og vegger ble kalka.

Lyddemping i Løestova ble gjennomført i 2021. Styret vil fortsatt være i dialog med kommunen angående lyddempinga, da effekten av de tiltakene som er gjennomført er varierende.

Det nye styret i vennelaget ble valgt og består av disse personene:

Astrid Skretting, leder
Eivind Galtvik, nestleder
Åsbjørn Ueland, sekretær
Odd Einervoll, kasserer
Monica Mørk Aase, styremedlem
Kjetil Skrettingland, varamedlem

Møtet ble avslutta med god pizza, levert av Stasjons Pizza.

Eivind Galtvik



Damene som står bak arbeidet med dei nye alterdukane.



OM ALTERTAVLA I KAPELLET

Før påske blei altertavla som Ivan Storm Juliussen donerte til kapellet på Varhaug satt opp. 27. april var det ei markering av dette. Trass kald vind, hadde ca 45 personar møtt opp for å vera med på markeringa. Det var fleire kyrkjer i Norge som var interessert altertavla, men Varhaug menighet var heldige og fekk den. Maleriet viser Jesus i Getsemane og Storm Juliussen fortalte at han ville gi det som eit minnesmerke for å minna folk om Jesus sin død og lidning for menneska.

Det var helsingar frå både kyrkjeverge og ordførar. Markeringa blei avslutta med kakke og kake. Kapellet er ope i sommarhalvåret så det er mogleg for dei som ynskjer å koma og sjå den nye altertavla.

Astrid



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mob: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



NÅ BYGDAHUSET – FØR INTERNATET

I Jærbladet 15. september 1996 hadde Anne Berit Hatlem eit langt stykke m/bilde i Jærbladet, som hadde denne overskrifta: Saman om «Internatet» på Varhaug. Her var det mykje gildt å lesa, sjølv om eg huska det meste sidan eg var med i den prosessen.

«Bygdeorganisasjonar dreg lasset saman. Det står kvinner bakom alt, så og på Varhaug. Bondekvinnelaget trengde rom til vevkurs. Slik begynner historia om Internatet som vart bygdahus for bondekvinnelag, bondelag, 4H og BU. 600 medlemar har fått eit hus dei kan kalla sitt eige». Så eit langt innlegg både om koss me fekk huset, og om alt dagnadsarbeidet som var gjort på den tida med over 500 timar.

Nå er Internatet historie, og heile bygget er og vekke. Så nå kan laga berre konsentrera seg om det nye; «Bygdahuset».

Eg er ikkje heilt sikker på om laga vil kjenna på den same eigarfølelsen til dette nye, men eg håper sjølv sagt det. Etter så mange år med tusenvis av dagnadstimar, vart Internatet noko spesielt. På Bygdahuset vil det og verta dagnadsarbeid, om ikkje i så stor mengd som før. Men eg håper og trur at eigarlaga framleis vil kjenna på eigarfølinga, når dei er med i styre eller gjer eit eller anna nødvendig arbeid. Trur ikkje det er så mange liknande organisasjonar som har noko dei kan kalla «vårt hus». (Det har dei og i mange år hatt på Nærbø).

Bilde av kaka me hadde over.

Liv

LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB

Sola skin ute, det går mot sommar og i Lensmannsløa har me fått gjennomført ulike gilde aktivitetar.

Konfirmasjonsførebuingar og trening vekslar med løebesøk, og nokre ungdommar stikk innom 10 minutt medan andre er på plass frå kl. 14 til 20.

Som mange allereie har fått med seg takkar Monica C Høien for tida saman med verdas beste ungdom, og går over i ny jobb 1. juni. Lensmannsløa ungdomsklubb held fram og gler seg til nye tider med ny leiar Annette Jensen Gimre som garantert vil ta med seg fersk energi og nye visjonar inn i klubben.

Dei er heldige dei som får arbeida her i Lensmannsløa med desse flotte ungdommane, mykje glede og positiv energi er nøkkelord.



Annette tek over etter Monica som leiar i Lensmannsløa ungdomsklubb.



Om ein er fysen på noko kvess, er kjøkkenet alltid klar for dei som vil laga.




Å arbeide her er og gull. Marta og Kari gler seg over flotte kakebilete.



<3 Glede



Alltid stas med besøk av ordføraren. Når han i tillegg er superkvalifisert for å hjelpe til med å løyse påskequiz med bibelsk innhald, kan me ikkje anna enn å sleppe han inn



Kjøkkenet er ein utruleg fin plass å vera.



Gildt med foredrag av sexolog Margrethe Klippenberg.



Ungdomsboka «Kleint og Flaut» vert hyppig lesen. Den er laga av 5 jenter frå Bryne VGS, nokre av dei er våre klubbungdommar.



Det er vel det same kor ein tek ein pause?



Me skulle ynskje at de lesarar kunne fått oppleve roen og magien rundt bordet her.

Monica Cecilie



Rune S



Gunnvor Aa



Baard G

FOTO KLUBBEN

Fotoklubben er godt i gang igjen etter ein lang pause med pandemi. Det er kjekt å kunne treffas i klubben og dele interessen for fotografering. Klubben har medlemmer frå nord til sør i kommunen, pr i dag er vi 13 medlemmer. Det er stort alderssprik, og dermed ein klubb for alle som er interesserte i å fotografere.

På møtene deler vi fotoerfaringar og inspirerer kvarandre i fotokunsten. Nokre gonger går vi gjennom bilettredigering i redigeringsprogram. Andre gonger har vi besøk av lokale erfarne fotografer som viser flotte bileter frå sine fototurer, og gir oss tips frå si fotoerfaring. For å lære fototeknikkar tek vi turar ut i naturen for å trene der.

Kvar månad har vi nye emner å fotografere etter, for eks hav og himmel, natur, småkryp, fuglar m m. Vi sender inn nokre bileter via mail kvar gong og går gjennom dei. Vi får ros, tips og vegledning.

Fotoklubben samlast første mandag i månaden i våningshuset på Lensmannsgarden. Liker du å fotografere, så er du hjerteleg velkommen til å vera med oss. Vi har plass til mange fleire medlemmer.

Ingun Auestad



Evvy VR

Styret i Fotoklubben:

Formann	Barbro N. Vold
Sekretær	Gunvor Bjorland
Kasserar	Katrin Smith
Fotoansvarleg	Terje Iversen

6. APRIL

FROKOST PÅ UNGDOMSKULEN



Ca 140 elevar og vaksne fekk ein god start på dagen med sunn og god frokost.

For Bygdekvinnelaget var det ein glede å få servera den flotte gjengen med ungdommar som takk og satte så stor pris på frokosten.

Astrid



BYGDEKVINNER DELER MATGLEDE

14 personar var 2. april med på kokkelering på ungdomskulen. Berit Bjørheim var vår gode guide og lærte oss å laga god og smakfull mat frå botnen av. Borddekking stod og på programmet. Dette innslaget og dei to neste er i regi av Bygdekvinner deler matglede med økonomiskstøtte frå Gjensidigestiftelsen. Astrid



28. APRIL

STRIKKETUR TIL KRISTIANSAND

28. april reiste 37 damer frå Varhaug til Kristiansand på strikketur.



Dei fleste hadde med «spødd» og strikka forskjellig til Ukraina. I Kristiansand gjekk nokre på shopping, andre gjekk på kafe eller sat og såg på livet i gata. Før vi reiste heim, var vi samla til mat på Egon.

Litt klatt med toget som var forsinka når vi skulle heim. Men, det blei eit ekstra stopp på Varhaug der dei slepte av trøtte og fornøgde damer!

Astrid



23. APRIL

MIDDAG PÅ ELDRESENTERET



Bygdekvinnelaget serverte middag på eldre-senteret 23. april. På menyen stod sursteik med tilbehør og sviskegrøt til dessert. «Sjikkelige brydlaus-middag og nå ska det verta godt å koma på sofaen», var ein av kommentarane.

Vigrestad pensjonistkor var og med og dei drog i gang allsang og laga god stemning.

Astrid



3. JUNI - 4. JUNI 2022

Varhaug- marken



General
sponsor



sponsorer

SpareBank 1

ODLAND 4/6
FORSKALING OG STØYING
4360 VARHAUG

R-SKRETTING



Hoved
sponsorer

hud & fotterapi

Hå Element



Fjordland



Jærentreprenør



FREDAG 3. JUNI

- 16.00 Åpning av Marken og bodene
Mange spennende utstillere i år
- 17.15 **Ongaløpet**
- 18.00 **BJØRNIS**
Nytt SHOW
- 18.45 Oppvisning av Varhaugpulsen
- 20.00 Slutt for i dag
Gladfredag teltet åpner



LØRDAG 4. JUNI

08.30 - 09.30

- Gratis frokost** sponset av
Q meieriet, R. Skretting, Spar og
Coop Extra. Servert av bygdekvinnelaget
- Jærbelgen spiller
- 09.00 Bodene åpner
VM i sjakk ved rådhuset
- 09.45 Varhaug seniordans
- 11.00 **VM i FARSE- EDING** v/ R. Skretting
Påmelding egen info
- 12.30 **Varhaugmilå**
- 13.45 Trekning av premier til Varhaugmilå
Trekning av konkurranser fra stander
- 14.00 Marken slutt - TAKK FOR I ÅR
- 16.00 - 0200
Konserter
Vind i Gardhol
Rabalders
(Hele Stasjonsvegen m/ Skrågata)

FARSE-EDING
VM



Lørdag 4/6
2022

VARHAUG

NYTT YOGA-SENTER PÅ VARHAUG

Bygdahuset Varhaug SA har fått ny leigetakar. Guro Aarre har flytta inn der røyrliggaren tidlegare var, og det med noko heilt spesielt. Ho har starta yoga-senter - Yoga for hjarta. Saman med dugnadsfolk frå eigarlaga, har ho fått til eit fint og lyst rom for treningstimane.

Guro Aarre er ei frisk 46 år gamal dame, som bur i Sirevåg saman med dottera. Ho er fødd i Molde, men har budd i Stavanger sidan ho var ni. Ho har og budd på Nærbø, men har ikkje dialekt frå nokon av desse stadane. Austlandsdialekten har ho fått frå mora.

Denne kjekke dama, som og har undervist på Universitet i Stavanger, har ein imponerende CV.



Ho starta forsiktig opp på Varhaug i april. Men i oppstartinga treng ho fleire føter og stå på, og arbeidar framleis som yogainstruktør både på Iden, Nærbø, Sola og Brusand.

Mykje er endå i startfasen. Ho har begynt med ymse kurs, og vil utvida tilbodet etter kvart. Ho har og planar om å få i gang eit kurs for eldre, og det har eg tenkt å prøva meg på.

16. mai hadde ho noko som vert kalla Fullmåneyoga, og eit nytt slikt kurs vert 14. juni. Sjølv om dette er eit «drop in» kurs, men du må avtala med Guro først.

Tykkjer du dette ser spennande ut, er det berre å ta kontakt med Guro, så får du få all den infoen du treng.

Guro har og ei heimeside, og der finn du og mykje informasjon. Guro har drive med yoga sidan ho var i 20-åra. Men då var det lenge berre ei kjelde til restitusjon, og for å hjelpa kroppen til å tola meir trening. Ho hadde heilt frå vidaregåande vore oppteken av trening med sykkel og tøffe intervall, som den største favoritten. Her vart yoga ein god motpol, tykte ho.

Då ho i 2007 fekk spørsmål om å vera instruktør, var ho på ein heilt anna plan innan utdanning. Men då ho igjen fekk spørsmål om det same på Varhaug i 2016, vakna ein ny draum for Guro. (Og der er viktig å fylgja draumen, har eg høyrte).

Etter mange år med hard trening og høge prestasjonskrav, fekk ho for alvor augo opp for yoga; den rolege trimmen der ein mellom anna er veldig merksam på pusten, og kor viktig det er å pusta djupt og roleg heit ned i magen.

Etter fleire år som instruktør, følte ho at tida var komen for noko for seg sjølv. Og då lokala på Varhaug, vart ledige, var det berre å fylja draumen nok ein gong.

Varhaugbuen ynskjer Guro velkomen til Varhaug, og håper mange vil fatta interesse for denne forma for trim.

Liv





«DAS UNTERGANG»

Heile Norge fekk sjå koss det såg ut her, då ordføraren vart avbilda etter nyttårsfeiringa. Så trudde både bedriftsforeininga, Varhaugbuen og andre at dette i alle fall kom til å verta fiksa opp i før 17. mai. Men då var me vel optimistiske! Sjølv om kommunen har bestemt kor mykje pengar dei skal bruka på denne, må dei framleis til med nye utredningar for korleis dette arbeidet skal gjerast. OK det, men må alt ta så lang tid? Slik planane nå ser ut, me må vera glade om det vert gjort før 17. mai neste år. Det hadde ikkje kosta så mange kroner med litt maling mens me venta på den store «reparasjonen». Så skjedde ikkje, og då må me vel kanskje berre vera glade til at Undergangen vart spylt, og at noko skribling vart mala over til den store høgtidsdagen?. «Godt med litt omveling, sa kjerringa, ho sopa støvet under teppet».

Liv



JOURNALIST

Då me lage det først nummeret av Varhaugbuen, var det to frå 4H som hadde skiving - eller journalist - som si oppgåve. Er det nokon nå i 4H eller BU, eller andre som kanskje har tenkt å ta utdanning som journalist, eller berre likar å skrive. Då er dei velkomne til å koma med aktuelle saker for Varhaugbuen. Med tida vil jo bladet få bruk for ein redaktør. Eg kan ikkje halda på til evig tid.

Liv



VARHAUGMILÅ

LØRDAG 4.JUNI



Start/mål:

Ved Stasjoen Pub, Varhaug

Kl. 12.30 – 10 km

Kl. 12.40 – 5 km



Påmelding:


Påmeldingsfristen er søndag 30. mai

Påmelding kan gjøres via www.vil.no

**HERREDSVELA
TRANSPORT**



TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



SOMMARKONSERT I VARHAUG KYRKJE 30. JUNI

«FRÅ BACH TIL BEDEHUS»

Det plar vera godt å koma heim. Helene Haarr tek med seg heile familien sin når ho kjem heim på besøk i sommar. Heim til kyrkja der ho vart døypt, konfirmert og vigd til sin Halvor. Dei har sidan -07 vore busette i Råde i Østfold.

30. juni vert det konsert med familien Haarr Kjerkreit, - Helene Haarr, Halvor Kjerkreit, Peder (13), Tora Marie(12) og Signe (10).

Både Helene og Halvor er utdanna operasongarar. Halvor er i tillegg bratsjist. Peder spiller cello medan Tora Marie og Signe spiller fiolin. Saman utgjer dei ein strykekvartett mamma får vera akkompagnatør på piano.

Håpar å sjå deg i Varhaug kyrkje til ei triveleg stund for både eit nostalgisk møte med ein mest gløymd songskatt. I tillegg vert det og allsong. Liv



**Bonde
Kompaniet**

GJØR SOM GUNNAR
OG GAUTE
VASK MED STIHL



STIHL



Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

bondekompaniet.no



ÅRSMØTE VARHAUGBUEN

Varhaugbuen hadde årsmøte på Bygdahuset 25. april 2022. Her vert i tillegg til styret, alle eigarlaga pluss dei gode «blad-fykane» inviterte til å koma. Men det kom mindre enn venta, så det vart mykje mat på oss andre.

Før sjølve årsmøtet tok til, fekk me lett underhaldning av Sjur Håland, der han mellom anna hadde eit skrå blick på hendingar i Varhaug. «Framført elegant og humoristisk» skriv Per Arvid i referatet. (Slik berre Sjur kan det)

Asle Haukland gjekk gjennom årsmeldinga og rekneskapen, og nå fekk me nytta oss av projektoren som er innkjøpt til bygget. Både årsmelding og rekneskap vart godkjende.

Det vart endring i styret. Ny for bedriftsforeninga er Terje Vik. BU har vore representert i styret i 2 år, og nå vert dei erstatta av 4H med Benjamin Hølland. Styret konstituerer seg sjølv.
Liv

17. MAI-FEST I LENSMANNSLØA

Endeleg kunne vi arrangera 17.mai-fest i Løa igjen.

51 festkledde personar kom og fekk høyra Martin Våland halda tale der han mellom anna snakka om det frivillige arbeidet og kva det har å bety for lokalsamfunna våre.

Maten bestod som vanleg av spekemat. Og like viktig som mat, er den gode drøsen. Det var det god tid til. Etter maten veksla det mellom sang av Martin og Grete og allsang. Festgjengen var så gode til å syngja at Martin foreslo at dei skulle kalla seg «Lensmannsløa blanda kor» og ha øving ein gong i veka.

Kvelden vart avslutta med kaffe og kaker.

Astrid



MED SPRÅKSPRELL TIL STEINKJERRINGA

Språksprell er ein del av introduksjonsprogrammet kommunen har for asylsøkjjarar som har fått opphald i Hå kommune. Dette er i Lensmannsløa kvar torsdag.

Torsdag 31. mars hadde me planlagt tur til Holmavatn og Steinkjerringa. Alle kom med gode sko og turklede, og veret var absolutt på vår side, sol og vindstille. Me køyrde fleire biler opp til Holmavatnet, der nokre gjekk litt i nærområdet, medan dei fleste gjekk til Steinkjerringa. Det er ein fin måte å lære språk på ved å vera ute i naturen og oppleva ting.

Det hadde vore frost om natta, så mange plasser låg det ennå rim på marka, så då kunne me snakka om kva det var. Det låg også is på pyttar og vatn, eller på «tjødna» som Gustav lærte oss eit lite vatn heitte. Me høyrde på fuglane som song, og då lærte me at fuglane kvitrar, katten mjauar, kua rautar osv.

Tempoet var litt forskjellig, det var nokre unggutar som verkeleg fekk trimma seg der dei langa ut av og til. Vel framme såg me på historikken om Steinkjerringa, og me skreiv oss inn i boka. Fleire var så spreke at dei gjekk opp på steinen, og sat i fanget på kjerringa og poserte for fotografen.

Tilbake på Lensmannsløa venta det oss herleg fiskesuppe som Aud hadde laga, godt brød og vafler til dessert. Det smaka herleg og stemninga var god. Flott tur og gode opplevelser.

Guri, Gunnhild og Gustav



Varhaug IL har mange gode samarbeidspartnere, og vi oppfordrer alle våre medlemmer til å benytte seg av de lokale tilbudene vi har.

Endelig åpner Bankers Pizza sitt utsalg på Varhaug!!

Førstkommende onsdag kl 1500 er offisiell åpningsdag - Bestill enkelt på bankerspizza.no eller ring oss på 45 72 83 31. Hjertelig velkommen alle på Varhaug for nystekt pizza fra Bankers.

Lars Gaute Sport gir alle våre medlemmer 20% på klubbkolleksjonen til idrettslaget. Butikken skal ha det meste av kolleksjonen i butikken i løpet av mai.

På **Esso Varhaug** får dere 20% på hver bilvask! Husk å si at du er medlem i Varhaug IL.

Malesesongen er rett rundt hjørne, og **Fargerike Halvorsen** har alt du trenger for å få jobben gjort. Gode produkter er halve jobben. Stikk innom butikken på Varhaug for en hyggelig handel.

Vennlig hilsen Varhaug Idrettslag

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

12. august 2022

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

FOR DEG SOM VIL HA
GOD KAFFE!




Esso **Varhaug**
Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



Tilbud Varhaugmarken



Stasjons pizza og grill



**STOR PIZZA
+ 1,5 BRUS**

169,-

GJELDER FREDAG OG LØRDAG



*Stort utvalg av datautstyr i vår butikk i Bryne
Kom innom og se! :)*



Datahjelpen.IT as
Vesthagen 2, Bryne

**Alt innen datahjelp
og datautstyr**
-hjem på døren
til private og bedrifter

Besøk oss på nett:
www.datahjelpen.it

Telefon:
5148 5000
E-post:
post@datahjelpen.it

Lokale datatjenester hos Datahjelpen.IT as